

Auto 88 utviklar kompetansen.

06.04.2016



Anve L. Gausvik med beviset på at han no er godkjend Bosch Systemteknikar

Det har skjedd mykje nytt i bilbransjen dei seinare åra. Å skru bil er ikkje det som det ein gong var. Derfor er det stadig behov for fornying, utvikling og kompetanseheving. Mange mindre kurs må til, men det er også nødvendig med lengre og meir omfattande kursopplegg. Det har Anve L. Gausvik gjennomført før han avla System-teknikar eksamen for ein månad sidan.

Kurset har gått over fleire år, og det har vore mange samlingar. Anve har vore to turar til Bosch sitt kurssenter i Ballerup ved København. Kvart av opphalda har vore på ei knapp veke. I tillegg har han vore på ein del samlingar på Lillestrøm. På samlingane har dei vore gjennom ulike tema med undervisning med tanke på verta godkjende som Bosch Systemtekniker.

I byrjinga av mars reiste 11 kandidatar til Ballerup for å avgjøra eksamen. Først var det ein dag med teoretisk eksamen. Den bestod av 6 deleksamenar. Neste eksamensdag var det praksis eksamen med 5 deleksamenar. Nålauga for å kunna titulera seg som Bosch Systemteknikar etter det er trøngt, men midt i månaden kom meldinga om at 8 av dei 11 hadde bestått eksamen. Mellom dei var Anve Ljone Gausvik, og dermed kan vi gratulera Auto 88 AS med at dei har heva kompetansen sin.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland